

Voss Kunst og Kultur

www.vosskunstogkultur.no

VKK er ein frivillig organisasjon for fremja kunst, handverkstradisjonar og kulturarv i samarbeid med andre frivillige lag og organisasjonar.

VKK er koordinator for den årlege Kulturarvfestivalen i Indre Vestland med felles markeringar under dei årlege Kulturverndagane i regi av Kulturvernforbundet. Kvart år fyrste veka i september, men her på Voss og omland er den utvida til heile september. Kulturverndagne er ein del av European heritage og det er europarådet som fastset dei årlege tema omgjort til norsk av Kulturvernforbundet.

- Felles markeringar starta for snart 7 år sidan og har utviklar seg til eit interkommunalt samarbeid med Vaksdal og Aurland kommune dei siste tre åra.
- I starten var det lokalt i Voss herad der me løfta fram den rike kulturarven med felles markeringar og informasjonsfaldar med oversikt over alle tilskippingane. Me er stolte over at Voss herad og frivillige lag og organisasjonar si felles markering førte til at me fekk Kulturminndagsprisen 2023
- Felles plakat har i alle år vore utforma av elevar på Kunst, Design og Arkitekturlinja ved Voss gymnas. Vinnarplakaten vert og brukt til framsida på informasjonsfaldaren.

Vårt hjartebarn har vore Kunsten, Norsk Kunsthandverksskule på Gjernes stifta i 1920 med Magnus Dagestad. Me har etablert keramikkverkstad som er svært populær og har 17 som står på venteliste til å leige verkstadplass. I smia er det to som har plass til no.

Snikkarverkstaden har me diverre ikkje kome i gang med grunna alvorleg sjukdom hjå verkstadansvarleg. Der er me i dialog med Husflidslaget/Trebua om samarbeid og flytte utstyr bort på Tvildemoen.

Frivillige organisasjonar innan kulturarv og tradisjonshandverk er sårbare med rekruttering og eit av fokusa me har er korleis nå ut til yngre generasjonar for å fremja interesse for kulturarv og handverkstradisjonar. Det passer heilt inn i årets nasjonale tema for Kulturverndagane: Kulturarv i fare.

VKK er og i dialog med samarbeid med Voss Kunstlag

November 2025 tok VKK initiativet til eit fellesmøte med alle aktørar på Tvildemoen om ein ide med å skape felles kunst og handverksenter på Voss ala Bærum verk. Representantar frå Kulturverkstaden Magasinet, Voss Husflidslag, VKK og Vestnorsk Kulturakademi. I januar vert det sendt ei formell henvendelse til styre i Vestnorsk Kulturakademi som forvaltar dei fleste bygningane. Avventar svar om ein kan gå vidare med prosjektet.

Tradisjon inn i ny tid med røter i Vossatradisjonar: handverkstradisjonar, kulturvern, mattradisjonar, bygningsvern og kunsthandverk. Kulturbasert reiseliv er i sterk vekst og har mange moglegheiter til å utvikle seg her på Voss.